



Plan for helsemessig og sosial beredskap 2018



Innhold

A - ADMINISTRATIV DEL	2
1. LOVGRUNNLAGET.....	2
2. MÅLSETTING.....	2
3. KOMMUNEN SITT ANSVAR INNAN HELSETENESTER OG SOSIALTENESTER.....	2
3.1. <i>Formål</i>	2
3.2. <i>Helse og sosialberedskap</i>	2
4. ORGANISERING OG LEIING.....	3
4.1 <i>Ansvar - operativ leiar</i>	3
4.2 <i>Kriseleiing</i>	3
4.3 <i>Praktiske detaljar – lokale og personell</i>	3
5. SAMORDNING AV PLANAR.....	4
6. UTARBEIDING GODKJENNING OG REVISJON.....	4
7. LEGEMIDDEL OG MEDISINSK UTSTYR.....	4
8. RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE	5
9. ØKONOMISKE KONSEKVENSAR.....	5
10. KOMPETANSE, OPPLÆRING OG ØVINGAR.....	5
10.1. <i>Kompetanse og opplæring</i>	5
10.2. <i>Øvingar</i>	5
10.3. <i>Evaluering</i>	6
B. PRAKTISK DEL.....	6
11. VARSLINGSPPLAN OG VARSLINGSLISTE	6
11.1. <i>Intern varslingsliste</i>	6
C. OPERATIVT PLANVERK	6
<i>Tiltakskort 1 – Masseskadesituasjonar – eks. brann, storulukke, arrangement</i>	6
<i>Tiltakskort 2 – Evakuering av institusjon</i>	6
<i>Tiltakskort 3 – Etablering av evakuerte- og pårørrandesenter</i>	6
<i>Tiltakskort 4 – PLIVO hendingar (legevakt – legekontor)</i>	6
<i>Tiltakskort 5 – Straumbrot</i>	6
<i>Tiltakskort 6 – Bortfall av kommunikasjon</i>	6
<i>Tiltakskort 7 – Redusert framkommeleghet</i>	6
<i>Tiltakskort 8 - Atomuhell</i>	6
<i>Tiltakskort 9 – Forureining av drikkevatn</i>	6
D. AVTALAR.....	6
VEDLEGG	7
.....	7

Godkjent i kommunestyret den 14.6.18, Ksak 46/18



A - Administrativ del

1. Lovgrunnlaget

Det formelle grunnlaget for kommunal helse- og sosial beredskapsplan er lov om helsemessig og sosial beredskap med forskrifter. I tillegg er desse lovane og forskriftene sentrale for kommunen si helse- og sosialberedskap:

- Kommunehelsetenestelova.
- Sosialtenestelova.
- Smittevernlova.
- Kommunelova.
- Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid.

Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta

2. Målsetting

I Lov om helsemessig og sosial beredskap § 2-2 første ledd står det:

"Kommuner (...) plikter å utarbeide en beredskapsplan for de helse og sosialtjenester de skal sørge for et tilbud av eller er ansvarlige for. Beredskapsplanen skal også omfatte tjenester som etter lov eller avtale tilbys av private virksomheter som en del av de respektive tjenester. Det skal også i nødvendig utstrekning utarbeides delplaner for aktuelle institusjoner og tjenesteområder".

Mål for denne planen er difor å sikra at Hå kommune:

- a) Reduserer risikoen for at innbyggjarane vert utsette for krisesituasjoner.
- b) Vernar befolkninga sine liv og helse.
- c) Sikrar at innbyggjarane får helsehjelp og sosiale tenester også ved kriser og katastrofar.
- d) Syt for at lokalsamfunnet er tilbake i ny normalsituasjon så raskt som mogleg.

Planen følgjer prinsippa for beredskapsarbeid nyttta av norske styresmakter som er:

1. Den som har ansvaret i normalsituasjon har også ansvar ved ekstraordinære hendingar.
2. Den organisasjonen ein opererer med under kriser, skal vera mest mogleg lik den ein har i det daglege.
3. Ei krise skal handterast på det lågaste moglege effektive nivå.

3. Kommunen sitt ansvar innan helsetenester og sosialtenester

3.1. Formål

Formålet med helse- og sosialberedskap er å verna liv og helse, og bidra til at alle som bur eller oppheld seg i kommunen får nødvendig helsehjelp og sosiale tenester også ved kriser og katastrofar.

3.2. Helse og sosialberedskap

Helse og sosialtenestene skal også i ekstraordinære situasjoner kunne:

- fremja helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte
- førebyggja og behandle sosiale problem
- diagnostisera og behandle sjukdom, skade og lyte



- gje pleie og omsorg i sjukeheim eller bustad med heildøgns pleie og omsorg og i eigen heim
- gje hjelp ved ulykker og i andre akutte situasjoner

Kommunen må vera førebudd på å kunna handtera alt frå lokale ulykker og akutthendingar, til svikt i drikkevassforsyninga og medisinske og sosiale tiltak ved radioaktiv nedfall og alvorlege smittetilfelle.

Alle tenestene innan helse og sosial er omfatta av planen.

4. Organisering og leiing

Rollefordelinga og ansvar for operativ leiing i ein situasjon som gjer at planen vert sett i verk, er basert på kommunen sin overordna beredskapsplan. Vi skal i hovudsak fylgja organisasjonskartet og ansvarslinja som i normalsituasjoner er beskrive i tabellen under:

Type krise	Plan	Ansvar	Operativ leiar
Omfattande	Overordna beredskapsplan	Overordna kriseleiing	Rådmann
Omfattar store delar av tenesteområdet helse og sosial. Hendingar som utløysar behov for psykososiale tiltak	Plan for helsemessig og sosial beredskap Plan for psykososialt kriseteam	Leiargruppa i helse og sosial Psykososialt kriseteam	Kommunalsjef helse og sosial Leiar for psykososialt kriseteam
Smitte	Smittevernplan	Leiargruppa i helse og sosial, utvida med smittevernlegen	Kommuneoverlegen i samarbeid med smittevernlegen

4.1 Ansvar - operativ leiar

Operativ leiar har ansvar for å kalla inn leiargruppa. Dersom vedkomande ikkje er disponibel, er det stedfortredar som har ansvar for innkalling. Dersom ingen av desse er tilstades, kan eitt av dei andre medlemmane i gruppa kalla inn.

4.2 Kriseleiing

Leiargruppa i tenesteområdet helse og sosial er kriseleiing i situasjoner som gjer at denne planen vert sett i verk. Kommuneoverlegen er med i leiargruppa og sikrar medisinskfagleg rådgjeving. Smittevernlegen skal også vera med når krisa er knytt til situasjoner der smittevern er viktig.

4.3 Praktiske detaljar – lokale og personell

Leiargruppa i tenesteområdet for helse og sosial (eventuelt utvida med smittevernlege) nyttar



seg av lokale /arbeidsrom på Hå helsecenter, Nærbø, i samband med ei krise og/eller katastrofesituasjon.

Det er laga eigne varslingslister i kommunen sin beredskapsplan som gjev detaljar om ressurspersonar som kan nyttast i ei krise/katastrofe.

5. Samordning av planar

Planen for helse og sosial beredskap er underlagt Overordna beredskapsplan for Hå kommune.

6. Utarbeiding godkjenning og revisjon

Planen vert utarbeida i tenesteområdet helse og sosial.

Planen skal reviderast kvart 4. år og ajourførast kvart år. Planen skal godkjennast av politikarane minst ein gong i kvar valperiode.

Dato for oppdatering av planen skal stå på framsida.

Ansvar for oppdatering: kommunalsjef tenesteområdet helse- og sosial.

Plan for helsemessig og sosial beredskap skal finnast i papirform og med vedlegg på fylgjande stader i kommunen:

Lokasjonar
Legekontora i kommunen
Legevakta
Kommunalsjef helse og sosial
Smittevernlege
Kommuneoverlege
Rehab.avdelinga Hå sjukeheim
Beredskapsleiar i kommunen
Rådmann
Ordførar

7. Legemiddel og medisinsk utstyr

Normale ordningar for føreskriving, utlevering og distribusjon av medikament skal nyttast så langt råd. Helsemyndighetene har ansvar for at statlege beredskapslager vert nytta i det ordinære forsyningssystemet for legemiddel og utstyr. Apotek i kommunen er lokale distribusjonspunkt.



Hå kommune har ikkje avtale om levering av medisin i krisesituasjonar, noko som kan verta ei utfordring.

Det er ikkje oppretta eit eige kommunalt beredskapslager ut over det som alt er på lager ved legekontora, helsecentra, sjukeheimane.

I kvar enkelt situasjon vil det verta vurdert å auka desse lagera med nødvendig utstyr. Hå sjukeheim har eit noko auka lager også i normalsituasjonar.

Ved behov for materiell som bårer, førstehjelpsutstyr, telt og tepper kan Rogaland sivilforsvardsdistrikt kontaktast på 24-timars naudtelefon.

8. Risiko- og sårbarheitsanalyse

I tråd med forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. § 3, er det utarbeidd risiko- og sårbarhethetsanalysar (ROS). Desse finnes i kommunen sin overordna beredskapsplan.

9. Økonomiske konsekvensar

I ein krisesituasjon kan det verta nødvendig å leggja ned, leggja om eller utvida ulike tenester og aktivitetar. Det kan verta nødvendig med å dele om på eller tilføre ekstra ressursar for å førebyggja eller handtera situasjonen og normalisera så raskt som mogleg.

Operativ leiar tek avgjerder om organisering og ressursdisponering innan vedtekne budsjettrammer. Når situasjonen krev at vedtekne økonomiske rammer må overskridast, skal dette avklarast med overordna.

10. Kompetanse, opplæring og øvingar

10.1. Kompetanse og opplæring

Kvar leiar i tenesteområdet har ansvar for opplæring av sine tilsette og sjå til at dei er kjende med prosedyrar og rutinar som også vert viktige i ein krisesituasjon.

10.2. Øvingar

Øving av beredskap er svært viktig. Kommunalsjefen for helse og sosial tek initiativ til øvingar. Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid § 7 seier:

«Virksomheten skal sørge for at personell som er tiltenkt oppgaver i beredskapsplanen er øvet og har nødvendig beskyttelsesutstyr og kompetanse.»

Øving av beredskap kan mellom anna gjennomførast som varslingsøvingar, diskusjonar ved gjennomgang av aktuelle situasjonar, speløvingar, feltøvingar med markørar eller fullskalaøvingar.

Fylkesmannen arrangerar øvingar for kommunane.



10.3. Evaluering

Etter hending som har ført til ei iverksetjing av denne planen er normalisert, skal situasjonen evaluerast. Dei erfaringane som er gjorde skal nyttast i revideringa av planverket.

B. Praktisk del

11. Varslingsplan og varslingsliste

11.1. Intern varslingsliste

De er to varslingslistene som gjev desse oversiktene:

1. Oversikt over nøkkelstillingar som vil kunna vera viktige i ein krisesitusjon. Administrativt tilsette, leiarar og vaktmeistrar som arbeidar innan tenesteområdet står på denne lista. Denne varslingslista finnes i den overordna beredskapsplanen.
2. Oversikt over helsepersonell knytt til tenesteområdet. Leiarane i tenesteområdet har oversikt over sine aktuelle tilsette med mobilnummer. Kommunalsjefen har ansvar for lister over leiarane med mobilnummer.

C. Operativt planverk

Vedlegg:

[Tiltakskort 1 – Masseskadesituasjonar – eks. brann, storulukke, arrangement](#)

[Tiltakskort 2 – Evakuering av institusjon](#)

[Tiltakskort 3 – Etablering av evakuerte- og pårørandesenter](#)

[Tiltakskort 4 – PLIVO hendingar \(legevakt – legekontor\)](#)

[Tiltakskort 5 – Straumbrot](#)

[Tiltakskort 6 – Bortfall av kommunikasjon](#)

[Tiltakskort 7 – Redusert framkommelegheit](#)

[Tiltakskort 8 - Atomuhell](#)

[Tiltakskort 9 – Forureining av drikkevatn](#)

D. Avtalar

Avtalar med andre er tatt med i den overordna beredskapsplanen for Hå kommune.



Vedlegg

[Vedlegg 1: Sentrale instansar som kan gje råd](#)

